



Årsmelding Lærdal Golfklubb 2016

Lang sesong, vellukka FM

Innhald

1.	Styret sin aktivitet	2
2.	Sponsorar.....	4
3.	Kurs - Vegen til Golf	5
4.	Rekrutteringsinitiativet Juniorgruppa.....	5
5.	Jentegolfen	5
6.	Turneringar.....	5
7.	Bana og Banestell 2016.....	6
8.	Årdalrangen	7
9.	Lærdal golfklubb sine nettsider (Georg Næumann)	7
10.	Medlemsarbeid	8
11.	Økonomi	9
12.	Mål for 2016 og Status på Måloppnåing	9

1. Styret sin aktivitet

Styret 2016

Petter Lossius, Leiar

Ole Kristian Øren, Nestleiar

Olav Wendelbo, Styremedlem

Roger Kleiva, Styremedlem

Oddvar Aalen, Styremedlem

Jan Lunde, Styremedlem

Per Åke Evjestad, varamedlem

Gerd Skalle, varamedlem

Seks Styremøte, haldne hos Olav eller på bana.

Spesielle Styremøte i mai om bana og hos Arve Tokvam på LNU i oktober.

Møte med Ordfører, kommunen, Bondelaget med fleire 20. desember.

Tilsette

Klubben har hatt 1 tilsett i året som gjekk: Greenkeeper: Marcin Andrzej Bednarczyk
tilsvarande 5 månadsverk

Ikkje løn til leiar og nestleiar i 2016.

Rekneskap

Vigdis Helene Mo og Økonomiservice har ført rekneskapen.

Revisorar: Odd Inge Mo og Sigmund Solvoll

Heimesida

Georg Næumann, firma Netopp Næumann, er SysOp sidan 2012 og driv heimesida og overvakar for uønskt aktivitet.

Web-host er Serve-The-World som har vore særst dårleg web-host i 2016.

Styret ynskjer inspel til ny heimeside.

Facebook

Ole Kristian Øren følger opp klubben si side på Facebook; dette er ei lag-side med meldingar, turneringar. Vi ventar auka aktivitet her. Klikk deg inn og meld deg på, dette er ei lukka gruppe så du blir ikkje blanda bort i anna Facebook aktivitet.

Merk det ligg og ute ei [gamal Facebook side som ikkje er i bruk sidan august 2015](#)

Årsmøtet

Årsmøtet var tirsdag 9. februar på Tya Bakeri i Øvre Årdal med bra oppmøte.

Dagleg drift (Petter, Ole Kristian)

Petter har ansvar post og faktura-betaling, reknskap med Økonomiservice, korrespondanse og formaliteter mot NGF og NIF Sogn & Fjordane Krets, samt Brønnøysundregistrene. Det er sendt søknader støtte NIF og NGF, rapport for MVA kompensasjon til NIF. Har og gjort noko sponsor-arbeid, det er sendt søknad om sponing til over tjue bedrifter og har epost-kontakt med fleire.

Har skrive artiklar på heimesida samt gjort endring heimesida inklusive turneringsresultat.

WiFi på bana er fulgt opp saman Georg Næumann.

Proshop er mest berre brukt til premier til turneringar.

Ole Kristian har hatt GolfBox medlemsarkiv med inn- og utmeldingar og alle førespurnader, og alt kontingentarbeid saman Økonomiservice.

Medlemsarkiv er oppdatert løypande. Vi har no Student-medlemskap til halve prisen av fritt spel. Ole Kristian har gjennomført medlemsoppfølging slik at dei nye medlemmane får kortet fort tilsendt.

Har skrive artiklar på heimesida og Facebook inklusive turneringsresultat.

Anna (Styret)

Klubben fekk ny brosjyre i 2013 som er utlagd mange plassar. Takk til Gerd Skalle for innsats her. Ta med brosjyre og legg ho fram der det er mogleg.

Banevert-ordninga vart ikkje brukt 2016 – her trengs eige ansvarleg.

Samarbeid med andre klubbar

Det har vært god kontakt med Valdres Golfklubb denne sesongen óg, med turnering E16 Ryder Cup. Pro Ulf Kruger har kontakta oss om samarbeid.

Og Hemsedal Gk er interessert i å ta oppatt Riksveg 52 Cup.

Lærdal Golfklubb arrangerte Sogn og Fjordane Fylkesmeisterskap 12. september.

Media

Turneringsresultat og artiklar i Sogn Avis, og på Porten.no.

Nokre artiklar om bana og rekrutteringsaktivitet.

2. Sponsorar

[Sponsorane er viste på heimesida og kvar har link til eiga side.](#)

I Årdal har me støtte frå Impec, Hydro og Indre Sogn Bil.

Einar og Margit Hagen har samla sponsorar i Lærdal.

Det var ikkje nok påmelde lag til å arrangere Sponsor-turnering.

Generalsponsor

Nei

Holsponsor

IMPEC AS

Oskar Brugrand AS

Rangesponsor

Astrup Fearnley AS

Borgund Taxi, Solheim

Joker - Ljøsnabui AS

Lærdal Energi AS – Muneris, klubben søkt to gonger utan støtte

Lærdal Ferie og Fritidspark ANS

Sogn Avis

Soggenett AS

As Trevaren

Østfold Energi Produksjon

Tavlesponsor

Røyrleggar Grønsberg & Sønner AS

Haabakken AS

Indre Sogn Bil AS

KIWI Minipris - Lærdal

Lærdal Grønt BA

Voll Lunde Maskin AS

West Maskin AS

Økonomiservice AS

3. Kurs - Veggen til Golf

Ole Kristian Øren (leiar)

Det vart arrangert VTG kurs i 2016 med åtte deltakarar.

4. Rekrutteringsinitiativet Juniorgruppa

Per Åke Evjestad (leiar)

Det var ikkje kurs sommaren 2016.

5. Jentegolfen

Ansvarleg er Gerd Skalle.

Jentegolfen vart gjennomført i 2016 også, men deltakinga var noko mindre enn i 2016. Dette skuldast medisinske grunnar hjå nokon av dei som brukar å delta. Det vart sett opp ansvarliste for periden 26.05 til og med 25.08 2016. Stort sett var det ansvarleg + 1-2 som møtte fram, berre 2 gonger var det berre den ansvarlege som møtte opp.

Vi vil sette opp ansvarliste for jentegolf i 2017 også, og håpar då på at fleire er restituerte og vil delta. Vi brukte torsdagar, same dag som senoirgolfen, i håp om at det kunne gje enklare transport. Etter dei signala vi fekk hadde ikkje seniorgolfarane noko imot at vi brukte same dag som dei. Har nokon fått annan reaksjon, kan vi byte dag i år!

6. Turneringar

Turneringar (Petter Lossius, Oddvar Aalen)

Me kjørte omlag same turneringar som i 2015. Det var fleire deltakarar i Texas Scramble-serien, samanlagt vinnar Tor Erik Moen (føre Oddvar, Didde, Kjetil, Tore).

E16 Cup - Valdres Gk beholdt pokalen - 8 - 8 mot Lærdal Gk

Pitch'n Putt KM, ein klasse, Petter Lossius føre Oddvar, Kevin Lund Olsen, Oddmund.

KM 2016

Herrar: Tor Erik Moen ett slag føre Stian Øy

Herrar Sr: Ståle Øvstetun

Fylkesmeisterskap 2016 - Resultater i GolfBox

Fylkesmeister Herrer: Gratulerer til Jakob Stavang Stubhaug (jr), Sunnfjord Gk, 63 slag

Fylkesmeister Damer: Gratulerer til Anne Marie Dahl, Selje Gk, 88 slag

Vinnar Herreklasse: Tor Erik Moen, Lærdal Gk, 69 slag

Vinnar Herrer Senior: Asbjørn Bjørnetun, Lærdal Gk, 80 slag

Mats og Kristoffer Karlson (far og son) spelte seg fram til Landsfinalen i Nordea Pairs og klarte ein god 12. plass på Moss og Rygge Gk.

Rikheim Cup – etter fleire år med Lærdal dominans klarte Årdal-laget endeleg berge ein siger - Rikheim Cup - Årdal laget vann 15.5 mot 4.5.

7. Bana og Banestell 2016

Banekomité var Ivar Otto Rikheim, Odd Inge Mo, Oddvar Aalen, Petter Lossius og Dugnadsgjengen

Bana vart drifta bra i 2016. Kostnad gikk ned grunna eige arbeid, særleg takk til Oddvar Aalen, Terje Bakken og Henry Lindested.

Maskinparken Lærdal

- 1 stk sylindarklyppar (fairway)
- 1 stk Ransome AR 50 m/5 rotoraggat (Fairway)
- 1 stk Toro 216 triplex sylindarklyppar bensin (Fairway)
- 1 stk John Deere sylindarklyppar (Green)
- 1 stk Toro 3000D triplex sylindarklyppar diesel (Green)
- 1 stk Club Car arbeidsbil
- 1 stk Toro aerator pipeluftar
- 1 stk Turf Co sjølvgåande dressevogn
- 1 stk Ransome sylindarklyppar
- 1 stk Ballautomat 20 kr

Status på maskinparken, Oddvar Aalen, Terje Bakken

Føler den er bra, men de kan bli noko utlegg på Ransomen. I følge Martin må vi skifte lager på rullen og mulig ny sylinder til løft av aggregat, kan muligens kjøpe rep sett. Golfbilen skulle som sakt hatt ein overhaling på forstilling. tenkte eg skulle fått den opp på Hydeq men mykje overtid for tiden.

Kjøretøy info Lærdal Golfklubb

	Maskin nr	Merke	Type	Modell	Serie nr	År
OK nr	1-1	Ransomes	AR250	945019	94501900211	
	1-2	Ransomes	Green Super	55		
	1-3	Toro	Greens Aerotor		NO09110-10001	
OK nr	1-4	Toro	Greenmaster	3000,3000D	04375-00535	
	1-5	Toro	216		03410-70182	
OK nr	1-6	Toro	216		03410-80189	
	1-7	Toro	Green Aerotar	1233	303447	
OK nr	2-1	EzGo	Bil		??0630-654418	
OK nr	1-8	John Deere	Greensmower	2500	OMTCU20523K4	
OK nr	1-9	John Deere		3235B	TC3235F030142	
	1-10	Tunfco	Mete-R-Matic	Top dresser F15B	85417E	
OK nr	2-2	Club Car	Bil, Turf 2	Carryall	RG0142-085192	
	3-1	Leiland	Traktor			
OK nr	3-2	Sitrex	Traktor klipper	SM-180		

WebCam på bana Lærdal

Georg Næumann har ordna opp når det har vært noko.

8. Årdalrangen

Bra besøk på Årdalrangen i 2016, ikkje til gamle høgder men betaler seg sjølve.

Maskinparken Årdalrange

1 stk John Deere klipper

1 stk Toro 216 triplex sylindarklyppar bensin (Fairway) – det er satt på nytt feste på ramme og gjennomført stort vedlikehald. Status usikker.

1 stk Ballautomat for 20 og 10 kr, programmerbar med telleverk

9. Lærdal golfklubb sine nettsider (Georg Næumann)

10. Medlemsarbeid

Marknadsføring og Google Ads (Per Åke Evjestad)

Har videreført marknadsføring på Google Ads. Google-annonsering står for ein stor del av nye medleamar. Me har ikkje marknadsført fjernmedlemskap på andre måtar enn Google annonsering.

Det ein ser på innmeldinga er at google annonsering og tips fra venner og bekjente er viktigaste grunnen til at fjernmedlemene melder seg inn i klubben. Ein kan jobbe enda meir aktivt mot fjernmedleamar og kanskje køyre nokre kampanjar i 2017.

Samla tal

Damer	106
Menn	449
Samla	555

IDRETTSREGISTRERINGEN (NIF)

Denne siden viser informasjon som skal registreres i forbindelse med Idrettsregistreringen. Alle medlemstall trekkes automatisk ut 31. desember kl. 23:59. Det betyr at medlemsbasen i klubben må oppdateres før dette.

Medlemstall pr. 31.12.2016

Aktivitetsoversikt egne medlemmer										
KJØNN	DAMER					MENN				
Alderstrin	0-5	6-12	13-19	20-25	26-	0-5	6-12	13-19	20-25	26-
Aktive medlemmer	0	0	6	4	96	0	2	19	33	395
Herav funksjonshe...										

Informasjon om funksjonshemmede finnes ikke registrert i GolfBox

Handicapkomite

Handicapkomite er obligatorisk

Ole Kristian Øren (leiar)

Petter Lossius

11. Økonomi

Me visar til Sak 5, Reknskap, i Sakslista og Revisorane sin rapport.

12. Mål for 2016 og Status på Måloppnåing

For 2016 vart det ikkje satt opp talfesta mål. Styret ynskte

- 1) Bruke mindre på kostbar sliping aggregat (frå 27k til 18k)
- 2) Tidleg start gode greenar (ikkje tidleg vatn, sein såing, sein vertikalskjering)

Måloppnåing på 1) var god, men ikkje på 2).

Lærdal 23. januar 2017

Styret

**Petter Lossius, Ole Kristian Øren, Olav Wendelbo,
Roger Kleiva, Oddvar Aalen, Jan Lunde,
Gerd Skalle (vara), Per Åke Evjestad (vara)**